

## Opningstider i sommar

### Rådhuset

I perioden 24. juni - 10. august er opningstida på rådhuset kl. 10.00 - 14.00 måndag - fredag.

På grunn av ferieavvikling vil ein måtte pårekne noko lengre sakshandsamingstid i sommar. Om du treng å snakke med ein sakshandsamar bør du gjere avtale i god tid på førehand.

### Biblioteket

Biblioteket er sommarstengt i perioden 1. juli - 13. august.

## SFO- og skulestart


Oppstart for grunnskule og SFO etter sommarferien er måndag 19. august, til vanleg tid.

## Sommarles.no

Biblioteket oppmodar barn på 1. - 7. trinn til å delta på sommarles.no. Les og høyr bøker! Samle poeng og hent premiar på biblioteket.

Skodje kommune  
ønsker alle

**God sommar!**



## Nyttig informasjon om valet 2019

Valet i 2019 skal gjennomførast som om den nye kommunen allereie var oppretta. Alle innbyggjarar i noverande Haram, Sandøy, Skodje, Ørskog og Ålesund kommune, skal ved valet i år velje representantar til kommunestyret i nye Ålesund kommune.

I alt 13 parti har levert inn listeforslag, og det skal veljast heile 77 representantar til kommunestyret. Dei godkjente listene og anna valinformasjon finn du på [www.nyealesund.no/politikk/val](http://www.nyealesund.no/politikk/val).

### Kvar kan eg stemme frå 1. juli?

Tidlegstemme kan du gjere om du ikkje har høve til å stemme på valdagen eller i den ordinære førehandsstemmeperioden som er frå 10. august til 6. september.

Du kan stemme tidleg og førehandsstemme ved alle dei noverande fem rådhusa, innanfor ordinær opningstid. På Skodje rådhus vil det seie måndag til fredag mellom kl. 10.00 og 14.00.

Frå 26. august blir det mogeleg å stemme på Moa og på Digerneset. På Digerneset vert opningstida måndag til fredag kl. 14.00-18.00, samt laurdag 31.8 kl. 10.00-15.00. Vi er i lokala til Polarbad.

På valdagen 9. september kan du stemme der du ifølgje folkeregisteret er busett 30.juni. Alle veljarar som tidlegare var manntalsførte i Haram, Sandøy, Skodje, Ørskog og noverande Ålesund, er frå no å finne i eit felles manntal for heile nye Ålesund, og kan difor fritt velje mellom 14 vallokale i kommunen. I Skodje vert det vallokale på Gomerhuset.

## Kunngjering – revidert trafikktryggingsplan med handlingsplan

I møte 11. juni 2019 i PS-sak 34/19 godkjente kommunestyret ny trafikktryggingsplan med handlingsplan for Skodje kommune.

Trafikktryggingsplanen gir ei samla oversikt over relevant kunnskap om trafikken i Skodje, samstundes som den gir råd om tiltak for å få ned talet på ulykker. Trafikktrygging er meir enn tiltak retta mot fysisk sikre vegar. Trafikktrygging handlar også om haldningar og oppførsel i trafikken, opplæring og åtferdsretta arbeid.

Hovudføremålet med planen er å ha ein plan som kan vere med på å bidra til å gjere Skodje kommune til ein meir trafikktrygg kommune. Planen omfattar vurderingar og tiltak på alle offentlege vegar i kommunen; europavegen, fylkesvegane og dei kommunale vegane. Trafikkfarlege stader har blitt kartlagt og fysiske og haldningsskapande tiltak har blitt prioritert.

Sjølv om det på valkortet ditt står kva krets du tilhøyrer, kan du velje eit anna vallokale, til dømes om det er nærare arbeidsstaden din. Fullstendig oversikt ser du på [www.valglokaler.no](http://www.valglokaler.no), der finn du nøyaktig posisjon og opningstider.

### Kva gjer eg om eg har vanskar med å komme meg til vallokalet eller treng assistanse?

Veljarar som ikkje kan oppsøke eit vallokale, kan be om å få stemme heime. Det er ingen formelle krav til søknad, det er nok å ta kontakt på tlf. 70 16 20 00 eller sende ein e-post til [politisk@alesund.kommune.no](mailto:politisk@alesund.kommune.no) og gje namn, adresse og telefonnummer, uavhengig av kvar i den nye kommunen du bur. Gjer dette i god tid, helst før 20. august.

Du vil så bli kontakta av valsekretariatet for å avtale eit tidspunkt der nokon kjem heim til deg slik at du får stemme.

Om du kjem deg til vallokalet men treng assistanse der, så får du hjelp. Det er alltid stemmestyret/valmedarbeidaren som skal hjelpe. I heilt spesielle tilfelle kan du som veljar peike ut ein hjelpar i tillegg til valmedarbeidaren. Alle hjelparar har sjølv sagt teieplikt. Ingen kan stemme for andre, sjølv om ein har fullmakt eller er verje.

Nullvisjonen er eit felles fundament for alt trafikktryggingsarbeid. I tråd med nullvisjonen vert tiltak retta mot å redusere talet på ulykker og skadeomfang ved møteulykker, ulykker ved utforkøyring, samt ulykker med gåande og syklande trafikantar. Det er lagt til grunn ei oppdatert oversikt over nasjonale og regionale målsetjingar og føringar i den reviderte planen, og tankesettet i nullvisjonen er lagt som premis for planen, og det gjeld for all kommunal aktivitet.

Plandokumenta ligg tilgjengeleg på kommunen si heimeside.

### Endra tilkomst til Skodje barneskule/ SFO i sommar

Det er no fatta eit endeleg vedtak om utviding av Skodje barneskule og dette arbeidet vert påbegynt så snart skuleferien tek til. Første del av byggeprosjektet er å flytte brakkene. I samband med brakkeflyttinga må leidningar i grunn leggjast om. Vegen sør for Gomerhuset må gravast opp, noko som fører til endra tilkomst til skule og SFO.

Difor ber vi alle vere merksam på at det i denne perioden vert endra trafikksituasjon og at der er byggearbeid i området.

Barnehagen vil ikkje få endra tilkomst, men anleggsområdet vil gå nært inn til barnehagen. Ungdomsskulen ligg òg nær inntil anleggsområdet, og vil nok merke at det pågår bygging.

Vi skal prøve å finne dei beste løysingane, og tryggleiken til borna og alle andre i nærområdet er første prioritet.

### Bålbrenning

Skodje kommune ved brannsjefen gjev løyve til brenning av bål den 23.06.2019. Løyve vert gjeve under føresetnad av at det berre vert brent reint trevirke, og at ansvarleg gjer ei konkret vurdering på staden den 23.06.19 om vær- og vindtilhøva gjer det tilrådeleg å brenne bål.

Elles har vi eit generelt bålforbod frå 15. april til 15. september, då det er forbode å tenne opp bål og grill i, eller i nærleiken av, skog og anna utmark. Dersom ein skal grille på område som er langt vekk frå skog og utmark, til dømes i hagar eller på tilrettelagde grill- og bålplassar i parkar, gjeld den alminnelege aktsemdsplikta. Dette inneber at du må vere forsiktig og ansvarsfull, og bålet må vere heilt slokna før du forlet staden.

### Neste Kommunenytt

Neste Kommunenytt kjem ca. 10. september. Frist for innlevering til dette nummeret er 3. september.

## Gang- og sykkelveg frå Skodje kyrkje til Olmanngjerdet

Kommunestyret godkjente i møte 11.6.2019 reguleringsplan for gang- og sykkelveg frå Skodje kyrkje til Olmanngjerdet, datert 2.5.2019.

Planområdet ligg på Olmannsgarden, langs fylkesveg 106, aust for Skodje sentrum like ved Skodje kyrkje, og dekkjer om lag 5 dekar.

Føremålet med planen er å betre trafikktryggleiken på strekninga og rydde opp i avkøyrslene frå Simengjerdet og Olmanngjerdet frå fylkesvegen.

Plandokumenta er tilgjengeleg på kommunen si heimeside.

## Kunngjering - godkjenning av område BN1 i ny arealdel til kommuneplan

Skodje kommunestyre vedtok kommuneplanen sin arealdel for Skodje 2019 - 2029 i møte 14.3.2019.

Nokre delområde i den nye arealplanen vart unnateke rettsverknad i påvente av avklaring med fagmyndigheiter. Dette omfatta mellom anna del av område på Digernes (BN1).

Kommunestyret vedtok i møte 11.6.2019 i sak 35/19 ny avgrensing av arealføremål BN1 på Digernes.

Kommunestyret sitt vedtak er bindande for nye tiltak eller utviding av eksisterande tiltak, jf. plan- og bygningslova § 1-6.

Vedtaket vert kunngjort i tråd med plan- og bygningslova § 11-15.

Kommuneplanen sin arealdel fastsett framtidig arealbruk for heile kommunen. Tiltak etter § 1-6 må ikkje vere i strid med planen sitt arealføremål og generelle føresegner, eller føresegner knytt til arealføremål og omsynssoner.

Det er nokre områder som kommunestyret har vald å unnta midlertidig frå arealplanen, og her gjeld framleis arealføremålet som vart vedtatt i førre arealplan i 2007. Dette gjeld desse områda:

- Nytt bustadområde på Skodje indre (B7) saman med planlagt badeplass (GF3)

## Ny kunstgressbane – Skodje idrettslag

- Bli med å skape mer idrettsglede på Skodje!
- Skodje IL feirer 90 års jubileum i år, og dette vil være den perfekte gaven til oss alle.
- Skodje er ei bygd i vekst hvor antallet medlemmer i idrettslaget har økt fra 600 i 2014 til nesten 800 i 2019, og antallet øker årlig!
- For å klare å tilrettelegge for den økte aktiviteten trenger vi å utnytte arealet på stadion.
- Den nye kunstgressbanen vil bli lagt på grusbanen som ikke lenger i bruk, og som gir en god utnyttelse av eksisterende areal uten store inngrep i nærmiljø og natur.
- Øvrige miljøtiltak for å hindre spredning av granulat i natur vil få stort fokus under prosjektet.
- Vi vil sette stor pris på alle som ønsker å bidra inn mot dette prosjektet for å gi barn og ungdom et glimrende aktivitetstilbud på Skodje stadion.
- Kjøp andelsbrev og få signert andelsbrev med Skodje IL som bevis på ditt bidrag.
- 500 kr per andel, eller velg å gi gavemidler i en valgfri sum etter ditt ønske. Alle bidrag - små som store - bidrar!

Pengegaven eller kjøp av andeler kan betales inn på konto: 3910.41.14591 eller vippses til nr. 546754. Vennligst merk innbetalingen om det er gave eller kjøp av andelsbrev.

PÅ FORHÅND TUSEN TAKK FOR STØTTEN!

BLI MED – SAMMEN FÅR VI DET TIL!



"Kommunenyt" er utgjeve av Skodje kommune, og vert distribuert til alle husstandar, handlande og kontor i Skodje, og kommunale avdelingar. Ansvarleg redaktør: rådmann Bente Glomset Vikhagen.



## SKODJE KOMMUNE

6260 SKODJE | 70 24 40 00 | Beredskapstlf. teknisk: 99 29 66 35  
postmottak@skodje.kommune.no | www.skodje.kommune.no